



MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen

Dato: 20.09.2013

Justis- og beredskapsdepartementet

Vår ref.
13/520-3/N-81/STO

Dykkar ref.

Melding om politisk vedtak - Politianalysen - høyring

Viser til til vedlagt utskrift av vedtak gjort i Masfjorden formannskap den 09.09.2013.

FS-050/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune har følgjande fråsegn til NOU 2013:9 dokumentet som er på høyring:

1. Justis- og beredskapsdepartementet må sikre grunnlaget for å vidareføra den desentraliserte tenestestrukturen hjå politiet, ved at fleire oppgåver t.d. frå UP vert overført til lokale politi- og lensmannskontor.
2. Det er viktig at dei lokale lensmannskontora i framtida får behalda og får tildelt nye oppgåver slik at det vert attraktivt og interessant å arbeida også på dei lokale tenestestadane.
3. Kommunane kan ikkje godta å få tildelt fleire oppgåver frå politiet utan at det følgjer ressursar med i form av auka rammeoverføringar.

Med helsing

Sveinung Toft
Ass. rådmann

Mottakarar:

Justis- og beredskapsdepartementet

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	09.09.2013	050/13	Sveinung Toft

Arkiv: N-81	Arkivsaknr.: 13/520
-------------	---------------------

SAK 050/13 - POLITIANALYSEN - HØYRING - NOU 2013:9

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune har følgjande fråsegn til NOU 2013:9 dokumentet som er på høyring:

1. Justis- og beredskapsdepartementet må sikre grunnlaget for å vidareføra den desentraliserte tenestestrukturen hjå politiet, ved at fleire oppgåver t.d. frå UP vert overført til lokale politi- og lensmannskontor.
2. Det er viktig at dei lokale lensmannskontora i framtida får behalda og får tildelt nye oppgåver slik at det vert attraktivt og interessant å arbeida også på dei lokale tenestestadane.
3. Kommunane kan ikkje godta å få tildelt fleire oppgåver frå politiet utan at det følgjer ressursar med i form av auka rammeoverføringar.

Finansiering

Heimel

FS-050/13 VEDTAK:

Masfjorden kommune har følgjande fråsegn til NOU 2013:9 dokumentet som er på høyring:

1. Justis- og beredskapsdepartementet må sikre grunnlaget for å vidareføra den desentraliserte tenestestrukturen hjå politiet, ved at fleire oppgåver t.d. frå UP vert overført til lokale politi- og lensmannskontor.
2. Det er viktig at dei lokale lensmannskontora i framtida får behalda og får tildelt nye oppgåver slik at det vert attraktivt og interessant å arbeida også på dei lokale tenestestadane.
3. Kommunane kan ikkje godta å få tildelt fleire oppgåver frå politiet utan at det følgjer ressursar med i form av auka rammeoverføringar.

Det skjedde i Formannskapet den 09.09.2013:

Saka vart drøfta.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Dokumentet kan ein finn

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	23.08.2013	Departementenes servicesenter	NOU2013 - 9 Politianalysen

a på <http://www.regjeringen.no/nb/dep/jd/dok/nouer/2013/nou-2013-9.html?id=7308>

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Justis og beredskapsdepartementet har sendt på høyring NOU 2013:9» Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer». Dette dokumentet vert kalla «politianalysen», vidare i dette saksdokumentet. Frist for å koma med merknad til høyringa er sett til tysdag 1. oktober 2013.

Mandatet til gruppa som lagde dokumentet var å laga ein politianalyse, som grunnlag for ein langsiktig plan for vidareutvikling av heile politietaten. Analysen peiker på framlegg til forbetringspunkt og tiltak for å leggja til rette for ei betre oppgåveløysing og meir effektiv ressursbruk i politiet.

FAKTA:

Utgangspunktet for kjerneoppgåvene er politilova sin § 1 og § 2 der det står:

Boks 5.1 Politiets ansvar, mål og oppgaver

§ 1. Ansvar og mål

Staten skal sørge for den polititjeneste som samfunnet har behov for. Polititjenesten utføres av politi- og lensmannsetaten.

Politiet skal gjennom forebyggende, håndhevende og hjelpende virksomhet være et ledd i samfunnets samlede innsats for å fremme og befeste borgernes rettssikkerhet, trygghet og alminnelige velferd for øvrig.

§ 2. Politiets oppgaver

Politiet skal

1. beskytte person, eiendom og fellesgoder og verne om all lovlig virksomhet, opprettholde den offentlige orden og sikkerhet og enten alene eller sammen med andre myndigheter verne mot alt som truer den alminnelige tryggheten i samfunnet
2. forebygge kriminalitet og andre krenkelser av den offentlige orden og sikkerhet
3. avdekke og stanse kriminell virksomhet og forfølge straffbare forhold i samsvar med regler gitt i eller i medhold av lov
4. yte borgerne hjelp og tjenester i faresituasjoner, i lovbestemte tilfeller og ellers når forholdene tilsier at bistand er påkrevet og naturlig
5. på anmodning yte andre offentlige myndigheter vern og bistand under deres tjenesteutøvelse når dette følger av lov eller sedvane
6. samarbeide med andre myndigheter og organisasjoner tillagt oppgaver som berører politiets virkefelt så langt regler gitt i eller i medhold av lov ikke er til hinder for dette
7. utføre andre oppgaver som er fastsatt i lov eller som følger av sedvane, herunder oppgaver som i lov er lagt til lensmannen, namsfogden eller politistasjonssjef med sivile rettspleieoppgaver.

Kilde: Lov av 4.8.1995 nr. 53: Lov om politiet (politiloven).

Politianalysen legg stor vekt på at politiet i framtida må kunna møta den kompliserte, alvorlege og grenseoverskridande kriminaliteten, og samstundes levera ein god polititjeneste der innbyggjarane bur.

Utvalet meiner at politiet i dag har eit vanskeleg utgangspunkt for å møta utfordringane i framtida. Det vert peikt på store variasjonar i korleis politiet er organisert, kva kvalifikasjonar politiet har rundt om kring, og at effektiviteten varierer. Dei enkelte politidistrikta prioriterer og innrettar tenestene sine ulikt også, meiner utvalet. Det vert og peikt på svak teknologileiing, og at styringa og leiinga av politiet ikkje fungere tilfredstillande.

Vidare meiner utvalet at tilleggsoppgåvene til politiet (sivile saker, som passutdeling, våpensøknader, gjeldsordningar, utleggssaker, politiattestar, m.v) binder opp for mykje ressursar og trekkjer merksemda vekk frå kjerneoppgåvene. Det vert og invitert til å vurdere overføring av oppgåver til helsevesenet eller kommunane knytt til transport av psykisk sjuke og å ivareta personar på som er « overstadig berusa». NOU`en slår fast at eksisterande struktur og organisering ikkje legg til rette for å utvikla spesialistmiljø, eller eit effektivt og kompetent lokalt politi. Vidare vert det peikt på at organiseringa med 27 politidistrikt i landet ikkje gjev dei naudsynste forutsetningane for å handtera alvorlege saker og hendingar godt nok. Utvalet meiner at det berre er i dei få store politidistrikta at grunnforutsetningane for å utvikla robuste spesialistmiljø og –funksjonar er til stades.

Det vert og understrekt at mange av dei 354 polititenestestadane i landet er små, både i tal tilsette, tal innbyggjarar og med omsyn på kriminalitet, og at berre 24 % av desse har eit tenestenivå som gjer at dei teoretisk kan setja opp ei døgnkontinuerleg patrulje, samt at berre 18 % av desse 354 tenestestadane kan tilby tenester etter klokka 16 på ein eller fleire vekedagar. Politianalysen meiner at denne desentraliserte tenestestrukturen i dag er eit reelt hinder for politiet sin mogelegheit til å driva effektiv førebygging, sikre lov og orden, samt tilby gode polititenester lokalt. Politianalysen viser at 203 tenestestadar er tilstrekkeleg for å gje innbyggjarane eit godt tilbod, og for å ivareta politiet sine kjerneoppgåver. Det vert av utvalet teke atterhald om at lokale tilhøve ikkje er vorte fanga opp når ein kom fram til dette talet i analysearbeidet.

For å utvikla eit politi, som kan møte behovet i framtida, rår utvalet difor til at det vert gjennomført to reformer i norsk politi, **ein strukturreform og ein kvalitetsreform.**

Stukturreformen har som føremål å frigjera ressursar til å løysa kjerneoppgåver og leggja forutsetningar for eit kompetent og robust lokalt politi, samt sikra robuste fagmiljø og spesialistar regionalt og nasjonalt. Denne delen omfattar framlegg om endringar i politioppgåvene, med ein ny struktur og organisering av politiet. Utvalet rår til at det vert berre seks politidistrikt i landet, og at dei mange små tenestestadane rundt omkring vert lagt ned og inngår i større tenestestadar med fleire tilsette. I tillegg rår ein til at oppgåver innan sivil rettspleie og forvaltning vert overført til andre etatar og verksemdar.


Kvalitetsreformen har som føremål å utvikla eit kunnskapsbasert og effektivt politi med emne til kontinuerleg forbetring og utvikling. Kvalitetsreformen vil omfatta forbetring i styring og leiingsprosessar, samt til kvalitet og kvalifikasjonar.

Auka vekt på kjerneoppgåven, ei betre organisering og ein ny struktur og rolleavklaring vil etter utvalet si tilråding gje betre rammevilkår og skapa utgangspunkt for at tiltaka skal kunne realiserast, og at eit kunnskapsbasert og effektivt politi skal kunna utviklast. Det vert vist til figur nedunder frå politianalysen.




Figur 4.1 Målsetting og hovedanbefalinger

Nedunder er vist figur som viser framlegget om å redusera politidistrikta til seks regionar, slik utvalet tilrår.



Figur 6.1 Anbefalt distriktsstruktur.

Utvalet rår til at tal tenestestadar på Vestlandet og Sørlandet vert meir enn halvert. Reduksjonen på Austlandet minus Oslo vert om lag 40 % og i Nord Norge ca 20 %. Utsnitt av kartet sør for Trøndelag er vist nedunder. Dei raude punkta viser aktuelle tenestestadar som kan leggjast ned etter politianalysen si vurdering.



Figur 12.32 Tjenestesteder som kreves for å møte etablerte kriterier, inkludert manuell justering, markert med grønne sirkler. Eksisterende tjenestesteder som ikke kreves for å imøtekomme kriteriene er markert med røde sirkler.

Kilde: Politiets operasjonslogg, Politidirektoratet, Statens Vegvesen, SSB, Politianalysen.

VURDERING

Rådmannen meiner at politianalysen er eit tungt dokument som viser at politietaten står framom mange store utfordringar, og at det er naudsynt å gjera mange viktige endringar, for å utvikla politiarbeidet på ein framtidsretta måte.

For Masfjorden kommune sine innbyggjarar er det likevel viktig å oppretthalda det lokale lensmannskontoret med tenesteområde knytt til Masfjorden, Gulen og Solund. For innbyggjarane våre vil det verta ulemper å måtta reisa til statlege eller regionale kontor i Bergen eller Knarvik for å få tilgang til viktige tenester som pass, politiattestar, våpenløyver m.v. Kontakten lensmannsetaten får mot innbyggjarane ved å ha sivile saker og forvaltning av ulike oppgåver har og ei førebyggjande side, og gjev lensmannsetaten mykje kunnskap både om lokalmiljøa våre, og om kva som skjer innanfor tenesteområdet. Terskelen for innbyggjarane til å ta kontakt med lokalt politi vert også lågare når dei kjenner polititeneestefolka lokalt.

Rådmannen meiner at den største ulempen ved å flytta vekk dei sivile sakene frå dei lokale lensmannskontora, er at grunnlaget for å oppretthalde kontora kan forvitra. Utan ressursar til lokale lensmannskontor/ tenestestadar vil fagmiljøa verta ytterlegare svekka, og interessa for å jobba på små tenestestadar vil verta ytterlegare redusert. Faren med å redusere talet på tenestestadar er at kjennskapen til lokale tilhøve rundt omkring i landet vil forvitra hjå politiet.

Det igjen kan skapa grunnlag for utryggleik, samt medføra at enkelte typar kriminelle handlingar kan gjennomførast med lågare risiko får oppklaring, samt gjera det førebyggjande politiarbeidet vanskeleg i mindre lokalsamfunn.

For å sikra at det vert fagleg interessant å arbeida på små tenestestadane, meiner rådmannen at Justis- og beredskapsdepartementet bør vurderer å tildela ansvaret frå andre politisærorgan t.d. Utrykningspolitiet (UP) til dei ytre tenesteområda. For Masfjorden og Gulen som har E39 gjennom sine kommunar, kan nettopp ein slik overføring av ansvar, vera med på å sikra grunnlaget for å drifta eit eige lensmannskontor. Ei slik overføring vil og vera meir tidseffektiv, fordi lokalt politi har kort køyreavstand til lokale hovudvegar, og med god kursing bør dei effektivt kunna tileigna seg den kompetansen som er naudsynt for å ta seg av slike trafikkkontrollar som UP no gjer. Samstundes kan lokalt tenestekontor gjera andre politioppgåver om behovet for raske respons skulle melda seg når dei er ute i trafikken.

I tillegg kan det lokale lensmannskontoret utnytta lokal kjennskap til trafikkbiletet og nêrområdet sitt på ein meir førebyggjande måte, enn det eit politisærorgan som UP ofte kan klara.

Ei overføring av oppgåver til kommunane slik politianalysen peiker på kan vera aktuelt, er noko som vil krevja større overføringar til kommunane. Ein er spesielt usikker på framlegget om å vurderer å gje kommunane ansvaret for å handtera utagerande personar, noko som kan medføra store ulemper og fare for helsepersonell eller andre tilsette i kommunane.

KONKLUSJON

Justis- og beredskapsdepartementet må sikre grunnlaget for å vidareføra den desentraliserte tenestestrukturen hjå politiet, ved at fleire oppgåver t.d. frå UP vert overført til lokale politi og lensmannskontor.

Det er viktig at dei lokale lensmannskontora i framtida får behalda og får tildelt nye oppgåver slik at det vert attraktivt og interessant å arbeida på desse tenestestadane.

Kommunane kan ikkje godta å få tildelt fleire oppgåver frå politiet utan at det følgjer ressursar med i form av auka rammeoverføringar.